



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet

Framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd oppmodar om at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Staten sikrar framtida for Sogn Jord- og Hagebruksskule.

Sogn regionråd ser på Sogn Jord- og Hagebruksskule som ein viktig regional og nasjonal institusjon for opplæring, kompetansebygging og næringsutvikling knytt til økologisk landbruk. No er det nødvendig å fornya bygningsmassen slik at ein kan tryggja og vidareutvikla alle tilboda ved skulen.

Sogn Jord- og Hagebruksskule – verdiar for framtida

- Landslinje økologisk landbruk Vg 2 og Vg 3 – plass til 52 elevar
- Skulegardsbruk med gartneri som vert drive økologisk
- Ressurssenter for kurs og utviklingsprosjekt i økologisk landbruk og småskala næringsutvikling i landbruket
- Kompetansenav for matfag med foredling av lokale råvarer
- Nasjonalt fagmiljø for foredling av rå, upasteurisert mjølk
- Samarbeidsprosjekt med Norges miljø- og biovitenskapelige universitet på Ås om stadbasert entreprenørskap og læring
- Fremjar nasjonale mål om økologisk produksjon og forbruk
- Samsvarer med auka etterspurnad i marknaden etter økologiske varer

Undervisning er basisverksemd ved Sogn Jord- og Hagebruksskule og ein føresetnad for dei andre aktivitetane som etter kvart har auka i omfang. Meir enn 50 % av inntektene kjem no frå gardsdrifta, prosjekt og kursverksemd. Det samla aktivitetane ved Sogn Jord- og Hagebruksskule tilseier at både fylkeskommune og stat er med på å finansiera dei heilt nødvendige investeringane ved skulen.

Med helsing

Harald Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift